



ÅRSMELDING SKULEÅRET 2015-16

SKULE: Rossland skule

<i>Nøkkeltal GSI .2015-16</i>		
	Tal	Evt. kommentar
Elevtal skule	232	
Elevtal SFO	50	
Tal lærarar	30	
Årsverk ped. Personale	23,2	
Assistentar, årsverk	4,72	
Årstimar utført av undervisningspersonale	17787	
Årstimar gitt til ordinær undervisning	12204	
Lærartimar til spesial-undervisning §5-1	3732	
Administrasjonsressurs i %, Rektor/inspektør	100/75	

<i>Læringsmiljø</i>		
Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Elevundersøkelsen		Rossland skule har om lag same resultat på elevundersøkinga som forige skuleår og ligg om lag på landsnittet på dei fleste indikatorar. Vi ligg noko under på delar av det fysiske skulemiljø.
Betre læringsmiljø		Verdiar frå prosjektet er vidareført og implementert i personalet. Det har ikkje vore jobba spesifikt med i år
Zero	Zero står for ei nullvisjon på mobbing og vedvarande krenkjande åtferd.	Tiltaksplanen på forebygging, avdekking og handsaming av mobbesaker er fornya i samarbeid

		med FAU. Vi har nytta ekstern kompetanse på opplæring i personalet og kvalitetssikring på planen.
Trivselsprogrammet	Vidareføre trivselsprogrammet	Trivselsprogrammet har to funksjonar. Det ein viktig del av skulen sitt førebyggjande arbeid mot mobbing. Trivselsprogrammet er og viktig i høve til regelmessig fysisk aktivitet. Det er større aktivitet i friminutta.
Fysisk skulemiljø inne		Skulen har plass til fleire elevar i alle klassane. Skulen er godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern (våren 2015). Det er gjennomført eige tilsyn på badeanlegg og garderober. Vi har ikkje eigna musikkrom på skulen. Det er framleis område på skulen tilsette ikkje kan opphalda seg i på grunn av inneklima. Det er ikkje tilfredsstillande ventilasjon på arbeidsrom for lærarar og administrasjon.
Fysisk skulemiljø ute		Uteområdet er oppgradert. Storleiken er god.
Miljøfremjande tiltak	Alle trinn arrangerer samlingar, turar, sceniske oppsetjingar og andre aktivitetar for elevane under «Zero-paraplyen». Vi har Trivselsaktivitetsleiarar for både barnetrinnelevar og ungdomstrinnelevar.	Alle desse tiltaka er medverkande til auka trivsel hos elevane.
IKT for elevane	Skulen ynskjer å kunna tilby moderne undervisning med ikt-hjelpemiddel på ein måte der hjelpemidla er naturleg integrert i undervisninga. Skulen har digitale tavleløysingar i alle ordinære undervisningsrom.	Skulen har ikkje nok bærbar datamaskiner til at ein har kapasitet til å kunna bruke datamaskiner så mykje som krevst i læreplanane i undervisninga. Det vert mykje pakking opp og ned på utstyr og mykje bæring att og fram på maskiner. Digitale tavler og tavleressursar er til dei fleste læremidla utvikla til eit nivå som fremjar læring og motivasjon. Kostnad med lisensar til å utnytte

		digitale læremidler er ei utfordring. Noko er løyst med at digitale løysingar erstattar papirløysingar, men så lenge maskinparken er ein flaskehals vil vi måtte drive ein periode i «to verdener»
--	--	--

Eleven sitt læringsutbytte

Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Undervegsvurdering	Foreldreinnlogging i Visma Flyt skole (VFS) Skulen har to utviklingssamtalar med føresette og eleven (haust og vår), samt to skriftlege tilbakemeldingar med halvtårs og heilårsvurdering på alle trinn.	Vurderingar skrivne i VFS slik at føresette kan få tilgang til skriftlege vurderingar, fráværregistrering og merknadar.
Sluttvurdering		Det er lite klagar på sluttvurderingane (standpunkt- og avgangskaraktarar)
Leksehjelp	Skulen har skuleåret 2014/2015 tilbydd leksehjelp til 2., 3. og 4. trinn	Vi ynskjer å tilby leksehjelp for eldre elevar enn dette, men vi har ikkje økonomisk kunna prioritere å setje inn lærarressursar til leksehjelp.
Særskilt språkopplæring	Målet med særskilt språkopplæring er at elevane skal kunne følgje ordinær opplæring.	Vi har relativt få elevar med rett til særskilt språkopplæring, og tilbyr 5 timar i veka på barnesteget og 5 timar i veka på ungdomstrinnet. Elevar som deltek på denne undervisninga er på svært ulikt nivå, men er gradvis på veg til å kunna delta meir i ordinær norskopplæring.
Spesialundervisning	Målet med spesialundervisninga er at elevane som får det får eit likeverdig opplæringstilbod.	Skulen har eit aukande tal elevar med rett til spesialundervisning. Vi har eit fokus på å redusera tal elevar med spesialundervisning, og har kunna auka den tidlege innsatsen (1. – 4. klasse) for å freista å demma opp for spesialundervisning seinare i skuleløpet.
Lokalt læreplanarbeid	Skulen er med i ungdomskulesatsinga med skulebasert kompetanseutvikling. Denne satsinga drar vi også med oss på barnetrinnet. Vi arbeider med lesing som grunnleggjande ferdigheit for å styrka lesedugleiken i alle fag. I samband med vurderingsarbeidet på digital plattform vert det også jobba med lokalt læreplanarbeid.	Vi har fokus på å tenkja lesing i alle fag, og på å få styrka fokus på lesing som element i årsplanar og fagplanar.

Faglege resultat		
Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Nasjonale prøvar	Skulen har som mål å alltid betra resultatata på nasjonale prøvar over tid.	Resultata viser at vi er på riktig veg. Klassegruppene er så små, at det vert feil å sjå på utviklinga frå år til år, men over tid har vi ein tendens til noko betra resultat.
Eksamen	Nytt på eksamen dei siste åra er at delar av eksamen i matematikk skal løysast digitalt. Dette har vi fokus på, slik at elevane skal kjenne seg trygge på det tekniske med gjennomføringa av eksamen. Matematikk og norskeksamen vert gjennomført heildigitalt.	Resultata på munnleg eksamen er over landssnittet. Eksamen i norsk og engelsk låg i år noko under landssnittet.
Grunnskulepoeng		Grunnskulepoenga til Rosslund skule var 42,4 (landssnitt på 41,1)

Medarbeidarar		
Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Etterutdanning	Førstehjelpskurs regelmessig for alle tilsette og livredningskurs for basseng for dei det er relevant for.	Førstehjelpskurs gjennomført med alle hausten og livredningskurs gjennomført for alle som skal arbeide i bassenget.
Vidareutdanning	Skulen har hatt 3 lærarar på vidareutdanning skuleåret 2015/2016. Det er ønskjeleg å få vidareutdanna lærarar kvart år i tråd med kompetanseutviklingsplanen til skulen.	Skulen ser det som ynskjeleg at ein får auka kompetansen i basisfaga til lovpålagt nivå og at ein får tilsette med formell kompetanse i alle faga vi tilbyr.
Leiarutdanning		
Utviklingsarbeid	Skulen arbeider med lesing som grunnleggjande ferdigheit på alle trinn. Dette er eit arbeid som er inne i siste del av det formelle samarbeidet med UH-sektoren hausten 2015, men som skal halde fram ut skuleåret 2017	Lærarane på skulen har arbeida godt med dette prosjektet, og temaet er gjennomgåande i alle fagplanar og undervisning på skulen.
Medarbeidarundersøkinga		
IKT	Alle tilsette har tilgang til bærbar pc. Opplæringa i både administrative system og IKT	Nye program som er tatt i bruk: Utvida bruk av Visma Flyt Skole Sampro

	verktøy for undervisninga vert gjennomført med internopplæring.	Vokal Ny heimesideløysing
--	---	------------------------------

Kompetanseutvikling		
Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Leiaropplæring, skuleleiarar		
Pedagogar	Skulen driv skulebasert kompetanseutvikling i lesing som grunnleggjande ferdigheit.	Budsjettmessig er det vanskeleg å delta på kurs. Vi har ikkje økonomi til å setje inn vikarar og ressursane er slik at ein ikkje så lett kan overlappa kvarandre slik at lærarar vert frigjort.
Andre tilsette	Assistentane har delteke på kurs i regi av Kursreigionen.	Det er nyttig at heile assistentkorpset vårt deltek på same kurs med relevant innhald. Det er ei viktig gruppe tilsette som kjem svært tett på elevane i ulike situasjonar.

Vurdering av andre område		
Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Samarbeid med andre (BUP, PPT, Barnevern osv.)	Skulen har mål om eit godt samarbeid med eksterne partar.	Skulen arbeider godt med eksterne partar.
Samarbeid heim-skule (utviklingssamtalar og foreldremøte)	Skulen ynskjer eit godt og ope samarbeid med føresette.	Vi har ein god struktur og godt innhald på dei faste møtepunkta våre med heimane. Vi har to utviklingssamtalar og to foreldremøte med kvar klasse kvart år, samt skriftleg undervegsvurdering to gongar i året. Vi har betra innsynsmogelegheiten til føresette med Visma Flyt Skule
Rådsorgan ved skulen.		Skulen har eit godt samarbeid med FAU. SU har ikkje hatt møte dette skuleåret.
Undervisning på alternativ opplæringsarena.		Skulen har hatt tre elevar på alternativ opplæringsarenaer. Dette har fungert svært bra for eleven og opplæringsarenaene.

Skulefritidsordninga

Tema	Mål/tiltak, aktivitet	Resultat/vurdering
Fysiske tilhøve		SFO har gode lokasjonar på Rossland. Av og til utfordringar med overlapping sidan SFO-lokala er delt med skuleklassar.
Personalsituasjon	Målet er 1 vaksen pr 16 born, samt at elevar med særskilte behov skal verta ivaretatt på ein forsvarleg måte.	Personalsituasjonen på SFO er tilfredsstillande.
Samarbeid SFO og skule		SFO og skule samarbeider svært godt.

Skulane sitt kontrollarbeid		
Tema for kontroll	Lovbrot	Tiltak
	§9a i Opplæringslova	Betra skriftlege rutiner på lokalt og sentralt nivå
		Formalisert oppfølging frå skuleeigar
Klager	Tema	Antall
	§9a i opplæringslova	4
Risikoområder	Tiltak	
	Trafikkfarlege situasjonar rundt skuleporten: Etablering av gjesteparkering og vakt i porten. Restriksjonar på trafikk	

Dato: 2.9.16

Underskrift rektor: Hogne Brunborg (sign)